

FORMSPRÅK, TENDENS OG IDEOLOGI I CAMILLA COLLETT:
AMTMANDENS DØTTRE.

av

Otto Hageberg

Emnet.

Å arbeida med Amtmandens Døttre kan kjennast som å stiga med den eine foten i eit veldyrka kulturlende medan den andre foten trær på upløgð og jomfruleg mark. Det er sjølv sagt rett når Francis Bull skriv om boka at ho "står likefrem for bevisstheten som den første norske roman".¹⁾ I oversynsverk og innføringsbøker er Amtmandens Døttre forsynt med andre pionermerke som den første tendensroman, realistiske roman osv. Men dersom ein ventar at slike fanekaraktistikkar har ført til grundig analyse av verket, blir ein vonbroten. Det kan ikkje anna enn å slå ein med undring at det er skrive så pass lite om sjølve klassikaren i vår romandikting. Francis Bulls kapittel i den store litteraturhistoria er fyldig. Ellisiv Steen har gjeve ei god litteraturhistorisk innføring og drøft tendensen og realismen i romanen i avhandlinga om Camilla Collett frå 1947, Diktning og virkelighet. I ein artikkel i Edda 1966, "Grottesymbolet i Amtmandens Døttre", påviser Sigurd Aarnes ein fin indre samanheng i romanen, og i andre band av Cappelens nye Norges litteraturhistorie har Ingard Hauge gjeve ein konsentrert og klok analyse av boka. Dermed er òg det meste nemnt av det som har vore skrive om denne romanen den siste menneskealderen.

Dette arbeidet som blir presentert her, er ein av fleire spreidde studiar i eit granskingsområde eg har kalla "embetsmannsromanen" i forrige hundreår. Granskingsområdet er stort og det er heller lite eg enno har fått gjort. Mest har eg arbeidd med Amtmandens Døttre, men også dei synsmåttane eg har her, er uferdige og tentative.

1) Bull, Paasche, Winsnes, Houm; Norsk litteraturhistorie bd. IV I, s. 90.

De fire artiklene i dette heftet av NOR-SKRIFT er først brukt som innledninger ved instituttseminar på Institutt for nordisk språk og litteratur ved Universitetet i Oslo.

Otto Hagebergs artikkel om Amtmandens Døttre bygger på en seminarinnledning fra våren 1974. De andre tre artiklene skriver seg fra instituttseminar i høstsemestret 1974 og vårsemestret 1975. Seminaret var i disse to semestrene delvis lagt opp som en serie med ett hovedemne: Samfunnsbildet i noen norske litterære verk fra det moderne gjennombrudd. De innledningene i serien som ikke er kommet med i heftet, er enten offentliggjort tidligere, eller vil inngå i større arbeider. Artiklene i heftet forutsetter iblant innledninger og innlegg som ikke er kommet med her, men sammenhengen vil vise hva det dreier seg om.

Noko om omgrepa i tittelen.

Eg har kalla studien her "Formspråk, tendens og ideologi". Desse omgrepa er ikkje heilt presise. I staden for formspråk kunne eg - i alle fall ei stund - bruka uttrykket komposisjon. Langt på veg er det komposisjonsanalyse eg gjev, men då er uttrykket komposisjon gjort vidt. Eg undersøker både den episke gangen og den måten personane er teikna og stelte overfor kvarandre. Eg dreg òg forteljarens rolle inn i denne analysen, holdning, avstand, nærleik til stoffet.

Det er eit aksiom for meg at form og oppbygging er meiningsberande i eit litterært verk. Samstundes som vi spør etter korleis handlingsgangen er, kva slags krefter som styrer den, drivmaktene i "historia", spør vi og etter ein forfattars måte å tenkja på. Den måten ein forfatter fortel ei historie, knytter og løyser knutar, skaper samanheng mellom personar, er ikkje tilfeldige kunstgrep som kunne ha vore bytt ut med ein annan forteljemåte. Komposisjon og form er ein del av teiknsystemet i ein roman, på same måten som språket er det. Måten å komponera på seier noko om tenkjemåten til forfattaren, hans måte å oppfatta og tolka livet og verda. Den diktande fantasi arbeider i nokon mon med bunde mandat frå denne "tenkjemåten". "Tenkjemåten" er heller ikkje fri, men bunden til forfattarens individualitet, dessutan til hans samfunn, gruppe, klasse, stand, dermed også til ei bestemt tids og eit bestemt samfunns måte å oppfatta og tolka verda og relasjonar mellom menneske. "Tenkjemåten" er ikkje identisk med ein forfattars livssyn, men er meir summen av medvitne tankar og dei umedvitne førestellingar, truer, skikkar, normer og verdiar som alltid vil finnast som styrande og ordnande mekanismar i eit samfunn og i eit individ, og også i eit episk univers. Eit anna og kanskje meir belasta ord for det eg her har omtala som "tenkjemåten" er ideologi. Ein føresetnad for den analysen av Antmandens Døtre som følgjer her, er at tenkjemåten, ideologien er med på å styra den episke gangen, komposisjonen, formspråket. Å analysera formspråket er ein av dei vegane vi må gå for å tolka romanen som eit meiningsverk.

Tesis.

Eit hovudsynspunkt i dette arbeidet er: Amtmandens Døttre er ein tendensroman med ein nokså tvetydig tendens. Romanen er sprengladd med indre motsetnader. Det er ei djup indre splitring i det verdisyn han byggjer på og ber fram.

Desse motsetnadene kjem fram på ulike måtar. Dei gjer det t.d. gjennom språkbruken, som kunne fortena ein grundig analyse for seg, men som eg kjem lite inn på. Motsetnadene kjem fram også gjennom forteljarens kommentarar og refleksjonar, som det er så flust av i denne boka, og likeins er tilhøvet mellom kommentar og forteljing sentralt. På den eine sida møter vi ein forteljar som gjer eit djervt opprør mot konvensjonar og skavankar i sitt samfunn. På den andre sida stadfester ho - som vi skal sjå - på ulike vis dei same konvensjonane. Motsetnadene kjem kanskje aller best fram gjennom persontekninga og persongrupperingane. Lat meg for ordens skuld leggja til at når eg talar om "indre motsetnader" ligg det i det ikkje ei negativ estetisk vurdering, berre ein karakteristikk. Det er elles nett desse motsetnadene som gjer verket interessant som kjelde til sentrale tankeelement og forståingsmåtar hos Camilla Collett og hennar samfunnslikar.

Handlingsreferat.

Handlinga i Amtmandens Døttre går føre seg i norsk embetsmannsmiljø på landet først i 1840-åra. Mesteparten av tida er vi på ein amtmannsgard ei dagsreise med hesteskysse nord for hovudstaden Kristiania.

Amtmannsfamilien er amtmann Ramm og frua Marianne og dei tre yngste borna deira Edvard, Amalie og Sofie. Dei to eldste døtrene Marie og Louise er gifte. Marie er alt død då forteljinga tek til, Louise spelar ei viss rolle mot slutten av boka. Handlinga tek til i oktober 1839 då cand. jur. Georg Kold kjem til amtmannsgarden for å vera fullmektig og huslærer, men den eigenlege handlinga opnar i mars 1842 då Kolds ven cand. med. Müller kjem på vitjing

til amtmannsgarden. Stutt sagt går denne handlinga ut på at Kold blir forelska i Sofie som i mai same året kjem heim frå eit opphald hos ei tante, etadsrådinnen, i København. Ho er då sytten år gammal. Tilhøvet mellom Sofie og Kold, som vi gjennom små tilbakeblikk får vita var stengt og spent før Sofie reiste til København, utviklar seg utover denne sommaren. Smått om senn blir dei begge klår over at dei er sjeleleg stemde for kvarandre og glade i kvarandre. Ved månadsskifte august/september openberrar dei sin kjærleik for kvarandre og alt ser nokre timar lovande ut. Men same kvelden kjem atter Müller på vitjing. Kold torer ikkje dela si lykke med han, i angst løyner han sitt indre og seier kjekt at han slett ikkje elsker Sofie, han berre leikar med henne. Ved ei lagnadens lune får Sofie høyra denne samtalen. Ho trur det Kold seier til Müller, og ho vil aldri meir tala med han. Forholdet går over styr. Seinare same hausten reiser amtmannsfamilien på vitjing til prosten Rein, enkjemann på ca. 50 år. Rein blir forelska i Sofie, han frir til henne, men får ikkje noko ordentleg svar straks. Etter eit besøk hos syster si, Louise, som er ulykkeleg gift, dreg Sofie heim att. På ein snedig måte får mora henne til å svara ja på frieriet frå Rein i mars 1843. Georg Kold som har flytt frå amtmannsgarden til Kristiania får høyra om dette. Han bryt saman, men kjem seg så pass at han kan dra til amtmannsgarden for å tala med Sofie. Han kjem dit dagen før Sofie og Rein skal gifta seg, den 1. juni 1843. Han prøver å oppklåra mistydingane og greia opp i flokane mellom dei to, men no er det ingen veg attende for Sofie. Ho blir gift med Rein. Vi møter personane att i ein epilog som nok foregår nokre år etter.

Den tydelege tendens.

 Dette er hovudhistoria i enkle grunndrag. Gjennom denne historia vil Camilla Collett demonstrera dei alvorlege følgjer av den "støbegodsopdragelsen" unge kvinner fekk. Dei lærte ikkje å tru på sine eigne kjensler og dei vart lett bytte og rov for tilfeldige hendingar som kunne få lagnads=

karakter og knusa lykka med eit slag. Dei lærte seg til å løyna seg sjølve, ikkje tru på sitt inste. Den norm dei fekk å leva etter, var den som blir formulert av fru Ramm i ein samtale i boka: "Jeg har opdraget dem sædeligt, efter Grundsætninger som passer sig mere for Livet. Jeg har tidlig lært dem at skjælnen mellem en indbilt og en virkelig Verden.(...) Det er deres Bestemmelse at blive Hustruer og Mødre, ikke at spille sitt Liv med at ruge over tomme Sværmerier". (s. 168)¹⁾ Det er fru Ramms meysommelege, årelange gjerning som slår ut i blom når Sofie får sådd tvil i seg om Kolds kjærleik og ho i sjeleleg forsvar lukkar seg omkring seg sjølv og aldri meir vil tala med Kold. Det er òg fru Ramms verk som ber frukt når Sofie bøyer unna og går med på å gifta seg med Rein. Det Camilla Collett ønskjer med dette biletet frå livet, er å slå eit slag for det uforderva og ekte kjensleliv, for den naturlege, kvinnelege kjærleik.

Drivmaktene i historia.

Dette er hovudtendensen i boka, det er klårt nok, og svært mykje stør opp under den, både i forteljinga og i dei kommentarar forteljaren gjev. I det føreordet Camilla Collett forsynte tredjeutgåva av romanen med - i 1879 - står det klårt at "Thi i Sandhed, således som vort Samfundsreglement engang er ordnet og vedtaget, beror den kvindelige Lykke kun på en Mulighed, et blot og bart Træf, omtrent ligeså beregneligt som Udfaldet af en Trækning når man har et Lod i det store garanterede Statslotteri." (s. 5)

Eg har ingen interesse av å dementera at Camilla Collett meinte å leggja ein klår kritikk inn i skildringa i Amtmandens Døttre. Likevel, det er ikkje denne tendensen eg er mest interessert i, men i dei sider ved livsbiletet og verdisystemet i boka som gjer denne tendensen problematisk.

1) Alle sidetilvisingar til Amtmandens Døttre er til utgåva ved Ellisiv Steen, Gyldendals Studiefakler 1969.

Vi skal venda tilbake til handlinga som vi la st har skissert, og til nokre av dei personane som er med i denne handlinga. I første omgang skal vi då sjå på sentral-handlinga, kjærleikssoga om Sofie og Kold og stilla spørsmålet om kva som er drivkreftene i den. Vi kjem til å gå omvegar før vi kjem tilbake til tendensen.

Kva er det som er drivmaktene i historia om Sofie og Kold? Kva slag krefter er det som får den til å utvikla seg, som ho gjer, på godt og på vondt? Kva fører dei to saman, og kva er det som skil dei frå kvarandre att? Når det gjeld spørsmålet om kva som skil dei frå kvarandre, har vi alt nemnt fru Ramms stille arbeid med å grunnleggja holdningar i Sofie, men eigenleg spelar dei ei sekundær rolle i handlingsutviklinga. Det høyrer med til ironien i forteljinga at fru Marianne Ramm slett ikkje vinn fram med det ho vil. Ho ønskjer først for Amalie og seinare for Sofie at dei skal bli gifte med Kold. Det er dulde krefter som motarbeider hennar ønskje om å sjå Kold og Sofie som par.

Men kva slags krefter er så det? Vi kan og stille spørsmålet, kven er subjekt i romanen, kva slag personar er det som verkeleg handlar? I første omgang kan vi gje eit negativt svar: Det er i alle fall ikkje Sofie og Kold. Det er som om dei ikkje er sjølvstendige personar med fri-dom til å forma sin eigen lagnad. På ein subtil måte blir dei gjort hjarteleg avhengige av, og dei blir hjartelaust utleverte til bipersonar som dei må forsvara seg imot. Det er ikkje natur som gjer dei ufrie, det er ei norm dei er offer for. Men det er og ei norm som forfattaren knapt kan tenkja bort for personar som skal vera helt og heltinne i denne verda. Annleis sagt, Camilla Collett er i si framstilling og i sin tenkjemåte avhengig av bipersonar for å få handlinga til å utvikla seg og gå vidare. Og det er ikkje så enkelt som at dette er ein tydeleg refleks av det fru Ramm åleine står for. Camilla Collett kan ikkje tenkja fram ei historie der helten er fri. Det ser ut til at passiviteten eller mangelen på aktivitet og sjølvstende hos hovudpersonane i nokon mon heng saman med deira ideale vesen.

Noko meir om bipersonane.

Dei viktigaste bipersonane i handlingsutviklinga er Müller, Lorenz Brandt og Margrethe D. Dei grip inn i handlinga og i forholdet mellom Sofie og Kold kvar på sin måte. Av desse gjev Margrethe udelte positive impulsar etter den overordna norm i verket. Ho har ein høg idealitet som gjev henne vilkår for indre kongenial kommunikasjon med Kold, både i den tida som ligg før notidshandlinga og som vi lærer å kjenna gjennom retrospeksjon og innafor notida gjennom dei oppteikningar ho testamenterer til Kold når ho er død. Ho er meir enn nokon annan talerøyr for forfatta- ren, det er ikkje for ingenting at Margrethe har mange trekk sams med den Camilla Collett vi lærer å kjenna gjennom brev og dagbøker frå ungdommen.

Lorenz Brandt og Müller derimot representerer begge negative impulsar for Kold - og for Sofie. Men ikkje for handlinga, som er avhengig av desse personane. Både Müller og Kold er framsteite som andre prinsipp enn Müller. Müller er rett nok ein som Kold er bunden til, vi veit at få har teke seg så mykje av Kold i ungdommen, men Kold er likevel redd han.

Müller kjem truleg frå eit lågare sosialt lag enn den rike og høgt danna Kold, han har nok ein kondisjonert bakgrunn, men vi får vita at han har mykje godt mått slå seg fram på eiga hand, og han har litt etter litt fått ei kynisk livsoppfatning som Kold kjenner at han må verna seg imot. Müller har tydelegvis ikkje den rette sansen for dei former og normer som vi forstår forteljaren ønskjer ein mann bør ha. Også i den ytre karakteristikken røpar dette seg, Müller har "ikke meget godmodige øine" (s. 14), står det, og når han kjem inn i boka er han kledd i "en skjødelsløs, nesten lurvet Reisedragt" (s. 14), og han blir stelt i tydeleg kontrast mot Kolds smukke, velpleia, elegante og parfymerte ytre. Men viktigare er det at Müllers idéverd står i motsetnad til Kolds. Han er individualistisk, hans tankar ligg nok i kanten av det som hadde vore den trygge, kondisjonerte norm. Hans kjærleiksoppfatning er kynisk og antiromantisk "Kom mig ikke med Eders mystiske Naturoverenstem-

melser, der drage Sjelene mod hinanden med uimodstaaelig Magt! kom mig ikke med Eders Forudbestemmelser, og hvad det Sludder altsammen hedder" (s. 17), seier han til Kold. Både første og andre gongen han er på amtmannsgarden skjærer vi at Müller som type representerer noko som skaper angst hos Kold, og som Kold må forsvara seg imot. Og den måten Müller blir skildra på, seier at forfattaren held med Kold i det.

Lorenz Brandt er ein annan type. Han er ein for-drukken student, anten frå bondestanden eller son til ein lågare embetsmann eller handverkar, mora hans, enkjefru Brandt er titulert madame. På grunn av sine rike evner og sitt sprudlande gemytt var han ein velsedd gjest på amtmannsgarden før, for seks år sidan. Då han i juni 1842 vender heimatt forfylla og med eit dårleg rykte, blir han lite omtykt. Det er klårt at dette er ein person som lever i utkanten av det kondisjonerte samfunn. Han er uglesedd og skaper angst når han vil ha kontakt, og han framkallar verneinstinkt når han nærmar seg.

Både Müller og Brandt er altså personar som hovudpersonane naturleg forsvarar seg imot. Men dels fordi dei er slik, set dei handlinga i gang og fører henne vidare. Vi skal sjå korleis handlinga er gjord til ein funksjon av Müller og Brandts nærvær og av Margrethes Blåde. Dei første åra Kold er på amtmannsgarden skjer det ikkje så mykje med han. I sin isolasjon er han tilsynelatande heilt passiv, ja, vi får jamvel vita at eigenleg har han søkt seg dit for å få høve til å vera åleine, han har rømt frå kvinner og krav og kjærleiksvonbrot i hovudstaden. Camilla Collett gjer han heilt avhengig av impulsar frå Müller for at han skal byrja å tenkja og føla, eller i alle fall til å bli klår over korleis han føler. Den viktigaste funksjonen Müllers første gjesting på amtmannsgarden har, er at han då blir katalysator for Kolds indre liv. Dei to venene talar saman, og Müller er svært interessert i kva forhold Kold har til amtmannsdøtrene. Han spår at når Sofie kjem heim frå København, vil Kold bli forelska i henne. I første omgang blæs Kold av det, men så heiter det:

Müller var reist. Kolds første Følelse var en Lettelse. Hans fordums Lærer var optrådt med sin sædvanlige Overlegenhed og med et Krav på gammel Fortrolighed, som Kold ikke mere kunde yde, men ikke heller havde Mod til at unddrage ham.

Men dette Besøg, hvor kort det end havde været, efterlod imidlertid Spor i vor Vens Tilværelse, som han selv ikke merkede. Den idylliske Tilfredshed, som han havde rost sig så af, havde fået et betydeligt Stød, Der var kommen en Uro i hans Sind. Snart droges hans Tanker hen mod tidligere Forhold, hvorom Erindringen var bleven oprippet i hans Samtaler med den gamle Bekjendt, snart betoges han virkelig af den Ængstelse, at Müller kunde have Ret, og at det frivillige Exil, hvori han for Øieblikket befandt sig så vel, dog kunde virke slappende på hans Ånd og hemmende på hans Udvikling. (s. 25)

Det er altså Müller som opnar for den indre tilnærming mellom Sofie og Kold. Han sanksjonerer på eit vis umedvitne krefter for Kold og let dei få koma ut i meir eller mindre medvitne tankar. Men det er slett ikkje Müller åleine som fører dei to nær kvarandre. Müller er no ute or saga heilt til han kjem attende på seinsommaren og blir den vonde katalysator for Kolds angstreaksjonar og får vår helt til å løynd seg bak dei orda som blir årsak til katastrofen. Men når det skjer ei vidare tilnærming mellom Sofie og Kold utover sommaren er det andre bipersonar som grip inn og tvingar fram handlinga.

Lorenz Brandt spelar den mest sentrale rolla. Han er i alt med i fire-fem episodar, kvar gong han dukkar opp fremjar han handlinga, dvs. han er ei drivkraft i utviklinga av kjærleikshistoria. Første episoden han er med i, er den 20 sidera forteljinga om ein landtur. Den funksjon landturen har innafor det episke univers er nettopp å føra Sofie, Kold og Brandt saman. Når Lorenz dukkar opp her, vekker han angst hos Sofie. Det heiter då han første gongen kjem:

Sofie, der havde trukket sig tilbage, stirrede blot på ham med Blikke, hvori Modbydelighed afveklede med Skræk. Hun søgte forgjæves i disse oppustede, rødlig blyfarvede Træk, hvori alle lave Lidenskaber strede om Plads, Sporene af fordums Skjønhed. (s. 65)

Likevel blir ho åleine med han på turen innover mot sætra, og då kjem Kold som ein reddande engel. Til denne tid har Kold vore tvilande i si holdning til Sofie, men no vaknar

hans riddarlege instinkt, som samstundes er sociale verne-
normer. Kold er no den edle kondisjonerte som kan redde
si dame frå pøbelen. Men det er òg eit slag sjalusi som vak-
nar hos han når Lorenz viser si interesse for Sofie og ho
ikkje avviser han tilstrekkeleg sterkt. Han sit og ser på
hende, og no er alt dette til stades samstundes, som ein
gryande kjærleik:

Kold følte, at den Gådefuldhed, der havde indhyllet
Sofie, nu stod på Nippet til at løse sig, og at hendes
egentlige Væsen var i Begreb med at stige ud som
Puppen af sit Svøb. Dette voldte ham en besynderlig
Angst. Nu kunde det ikke undgås mere. Det halv-
drømte Billede måtte fuldendes - eller forstyrres.
Han kunde ikke få Øinene fra hende; men det var
ikke langt fra, at han følte en Uro, hvergang hun
åbnede Munden for at sige Noget. Til Lykke var
Sofie temmelig taus.

Hvorfor skulde hun være anderledes end andre,
sagde han til sig selv, medens han oppe fra Bakken
med Øinene fulgte enhver af Sofies Bevægelser. Har
jeg ikke før ladet mig bedrage? Hvorfor skulde
hun undgå denne Usandhed, som kanske er Kvindernes
naturlige Våben mod Verden? Denne Usandhed, denne
Forstillelsesfærdighed, fødes den med dem? er den
måske allerede i Vuggen påtrykt deres Sjele som et
usynligt Slavemærke? Hvorledes skulde dette stakkels,
forsømt Barn have undgået den? Dog måske netop,
fordi hun er forsømt. Kunde de blot vokse vildt op
som Hvidtjernen, kunde man holde dem denne neder-
drægtige Forkvakling, som de kalder Opdragelse, omhyg-
geligt fra Livet ... Sofie er naiv og hun har
levet meget ene ... O, jeg vil være snil mod hende,
støtte hende, hvis jeg kan ... Hun er dog yndig! ...
Nei, nei - mod hende vil jeg netop være streng, uden
Barmhjertighed. Hvis hun ikke mere end de Øvrige
forstår at vurdere det Ægte i sin Sjel, hvis hun
ikke karrig, ubønhørlig bevogtede det, med grænse-
løs Stolthed! ... Hvis også hun bortskakrede det
i en umoden Følelse! Bønhør Ingen, Ingen, Sofie,
førend Du elsker selv ... Og giver Du denne Følelse
Rum, da negt ikke, skjul det ikke, lyv ikke ... O,
kunde hun være sand, sand, sand! ... Hvor fin og
svævende er hendes Skabning, når hun reiser sig fra
den bøiede Stilling! ... Når hun slår Blikket op,
er det, som om det havde skjult en dyb, grublende
Tanke, og når hun så vender det frygtsomt, bedende
mod os, er det, som om hun sagde: Har jeg forsømt
Noget? o vær ikke vred, og da er hun idel Opmærksom-
hed mod Alle. Hun har sorte Øine, tror jeg ...
Besynderlig nok har hendes Blik aldrig truffet mit.
At hun gider tale med denne Lorenz! Hun smiler
til ham! ... Hvor kan hun tåle, at den fortrukne
Landstryger ser på hende med sådanne Øine!

Den stakkels Sofie anede ligesålidt, at hun var Gjenstanden for denne lange Betragtning, som at Lorenz's Galanteri gjaldt hende i Særdeleshed.
(s. 74 f.)

Lorenz' nærvær er altså med på å kanalisera Kolds kjensler i rett lei, mot Sofie, men heller ikkje denne episoden fører dei to heilt saman, det er som om usynlege murar stengjer. Kold kan ikkje ta kontakt. Det må skje meir før han torer vedkjenna sine kjensler for seg sjølv. Men så kjem ein episode som får varig verknad. Ein dag medan Kold samtalar med amtmannen om kulturtilstanden i landet, høyrer Sofie på, og Kold legg merke til hennar ynde og hennar danna vesen, og han lengtar då mot eit høve som kan løysa den spenning som er i han og få han til å nærma seg Sofie. "Han følte da en stor lyst til at drage hende ind i Samtalen, men det vilde aldrig rigtig føie sig. Den Tilbageholdenhed han havde plantet mellem dem, forekom ham med Et både pinlig og tåbelig, og han lurede nu blot på en Anledning der let og af sig selv kunde løse den. Den kom, men ganske anderledes, end han havde ventet. En Begivenhed, usynlig for de Andre, men som dybt greb ind i hans Indre, gav hans hele Forhold til den unge Pige en Farve, en Betydning, som det måske ellers aldrig vilde have fået." (s. 98 f.) Det som får den store verknad er Margrethes Blade, og den rolle dei spelar, skal eg nemne litt meir om seinare. I denne samanhengen kan vi berre atter minna om at også her er det ein biperson som grip inn og får ting til å skje.

Det ser ut til at Sofie ikkje er klår over at ho har varme kjensler for Kold før ho ein dag får Lorenz på vitjing på rommet sitt. Han frir så å seia til henne. Ho avviser han i angst og med avsky. Då minner Lorenz henne om at det kanskje er Kold som er årsak til det: "Aha jeg forstår, sagde Lorenz efter en Pause, medens hans Øine hvilede skarpt på hende. En Anden har trengt sig mellem dig og mig. Det er altså dine beskedne Skrupler, at Du ikke var dette Kald voksen. Men mig narrer Du ikke, se blot hvor rød Du bliver! Så har han dog lusket sig ind i dit Hjerte, denne glatte Vindbeutel." (s. 134) Sofie jagar Brandt på dør, men etter

han har gått, heiter det: "Da Amalie var gået, lukkede Sofie sin Dør, et Rov for nye Tanker og Bevægelser. På Lorenz Brandt tænkte hun ikke mere." (s. 135) Slik endar første del av boka.

Men ei endå viktigare rolle for handlingsutviklinga spelar Lorenz Brandt den dagen Sofie og Kold opnar seg for kvarandre. Lorenz har lokka Sofie med seg ned til grotta og overausar henne med sine kjærleikords. Og det er den demoni og råskap som følgjer han her, som får Sofie til å bryta ut av sin passivitet og erklæra seg for Kold når han kjem som ein reddande engel.

Her gjorde Sofie en fortvivlet Anstrengelse for at komme forbi, men Lorenz sterkere end hende, stødte med et eneste Fodspark Kloppen, som tjente til Overgang over Åen, tilside. Ved denne Manøvre kom han noget ud af Ligevegten og greb efter Sofie, hvem Skrækken nu i den Grad overvældede, at hun tabte al Besindelse. Lidt mere Erfaring vilde have lært hende, at her var mere en indbildt end en virkelig Fare hånden. En rolig, frygtløs Opførsel vilde ganske have holdt ham indenfor Skrankerne. Det blotte Syn af hende havde jo allerede ladet ham glemme sine feige Trusler. Men den attenårige Frygt ræsonnerer ikke, den er instinktmæssig, ubændig, grænseløs; den overveier ikke, den skjælver blot i Råhedens Nærhed.

Med et Skrig styrtdede hun tilbage mod Indgangen, men da Grotten lukkede Hulveien og følgelig ingen Tilflugt kunde yde hende, klatrede hun med Skrækens Behændighed op ad de bratte Klipper. Det lykkedes hende at nå Midten af den steile Brink, og her blev hun hængende uden tilstrækkeligt Fodfæste, klammerende sig til en skrøbelig Busk, der hvert Øieblik truede med at give efter, og råbte alt hvad hun kunde om Hjælp. Nedenunder udtømte Lorentz sig i de ynkeligste Bønner og Klager, og den grå Pudel stemmede i med, ved at hyle af fuld Hals .

Man sige ikke, at Virkeligheden mangler geniale Momenter. Ingen Oldtidens bevingede Gud, ingen lafontainisk eller clarensk Romanhelt kunde i et lignende Tilfælde være kommen mere å propos end Kold kom i dette Øieblik. I et Nu havde han stødt Lorenz tilside og med et kraftigt Spring nået op til den Ængstede, som med et Henrykkelseskrig kastede sig i hans Arme.

Hvorledes han kom over Åen med hende, derom melder Historien intet Pålideligt, men den fortæller, at han først standsede, da han havde nået Ledet ved de to store Graner, og at han her sagte lod sin Byrde glide ned på Mosset.

Men Sofie slog Øinene op og kastede sig heftig om hans Hals igjen.

O slip mig ikke, slip mig ikke! bad hun. Har vi ikke lidt nok?

Hvad siger Du, Sofie! ... Det er mig, det er mig! ... Sofie ... Og Du tilstår det! ... O sig det igjen!

Ja, ja, jeg tilstår det, sagde hun, og hævdede de strålende Øine op mod ham. Jeg har sagt det, jeg kunde ikke andet ... Forstød mig nu, hvis Du kan! ... Du kan det ikke!

Hvormange Ord de Elskende fik sagt? ... Måske ikke et eneste. De kyssede hinanden, de klyngede sig til hinanden, i en så lidenskabelig Angst, som om de anede dette Øiebliks bittersøde Betydning for hele Livet ... (s. 176 f.)

Førebels oppsummering.

Alle dei døma eg har drege fram har eit sams mønster. Bipersonar utløyser dei avgjerande handlingsimpulsane hos dei to elskande. I von om at dette mønsteret er synleg, let eg vera å gå inn på fleire skilde episodar og eg hev- dar på nytt at det er eit komposisjonelt særdrag i Amtmandens Døttre, at det er krefter utanfor hovudpersonane som får dei til å bli klår over kor dei står, kven dei er, kva dei føler og kva som får dei til å handla. Men desse handlingane er då vernehendingar som dei utfører for å ta vare på sitt inste, dei opplever det bipersonane står for som eit trugsmål mot sin eksistens og sin integritet. Dei reagerer ufritt i angst. Den aktivitet som blir skapt er i stor mon den danna verda sine sjelelege reaksjonar mot det farlege og demoniske og uvisse i ei trugande verd med andre normer og idéar enn dei sjølve har, og forfattaren har.

Litt meir om Georg Kold.

Dette komposisjonsmønsteret har altså ei meining, og her kan det nok seiast meir. Den passivitet Kold viser er ein del av hans personlegdom, ja, er ein del av det sjele- lege særlaget som gjer han til ein naturleg helt for Camilla Collett. For å gje denne påstanden betre grunnlag, skal vi freista å nærma oss eit svar på spørsmålet kven no denne Georg Kold er. Kva får vi vita om han og dei verdiar han representerer. - Med ein viss rett kan det seiast at han er litt fjern og konturlaus, men vi kan danna oss eit visst

bilete av han og koma nærmare kva slags drag ved han Camilla Collett gjerne vil framheva. Den mest utførlege karakteristikk frå forfattarhald får vi på s. 118f.:

Georg Kold var en af disse Naturer, om hvem man kan sige, at de opdrages ikke, de eier Dannelsen og dens Ynde som Vuggegave. Han var modtagelig, og en varm og let henreven Følelse, en Karakterens Renhed oprettede hos ham, hvad den måske manglede af Styrke.

Opvokset i de ensomme Bjergtrakter, hvor hans Fader eiede og drev en af Landets betydeligere Gruber, havde denne Afsondredhed, hvis Oplivelse, næst de få Fremmedbesøg, Sommeren tilførte Huset, fornemmelig bestod i Læsning af hvad dets ganske vel udstyrede lille Bibliothek eiede af Skjønliteratur, kun altfor meget befæstet disse ideale Forestillinger om Livet, som er så velsignet at eie, sålænge man får beholde dem. Lykkelige Familieforhold, et Hjem, hvor han blot havde lært den Harmoni at kjende, som Velstand og Dannelse forenet formår at skabe, var heller ikke skikket til at forstyrre det Illusoriske i dette stille Drømmeliv.

Så nåede han umærkelig de År, da der skal lægges en Livsplan. Da han ingen ret Sands havde for Faderens Bestilling, lod den på: Kristiania for at studere. Med den mere praktiske Del af hans Studium gik det her kun så som så. En nødtørftig Interesse indbragte et ligeså nødtørftigt Resultat. Tilværelsens ideelle Side med dens Fantasien mer beskæftigende, dunklere Opgaver og mere løftende Resultater drog ham, den Ensomtfostrøde, Drømmeren oppe fra Skovene, anderledes til sig. I de såkaldte abstrakte Studier fordybede han sig nu, da alle Midler dertil stod ham åben, med dobbelt Iver, og Menneskelivet, det levende, bevægede Menneskeliv, hvori han så sig stillet, syntes ham det bedste, sikreste Medium til at tilegne sig det Læste, forklare ham det Dunkle og løse dets Gåder. Og det drog ham med mystisk Magt ind i sin Hvirvel og bød ham Belæringen, sin Belæring, ak altfor villig imøde. Man vil mindes, hvorledes han i hint Brev, stilet til Müller, omtaler nogle af de Erfaringer, som han her havde indvundet, Erfaringer, der rigtignok på sin Vis redeligt delende, lod Alt, hvad de plyndrede ham selv for, komme hans Menneskekundskab tilgode.

Ensomme, sensible Sjele eier fortrinsvis Hulspeil- evnen til at samle dybt og stærkt, og således kom det, at mange af Tidens Problemer og Spørgsmål anelsesfuldt gik gjennom denne unge Sjel, inden de endnu havde vundet nogen ret Form i den almindelige Bevidsthed. Han levede og åndede i dem og gav dem undertiden i sin Varme Udtryk ved Leiligheder, hvor det havde været bedre at tie eller at tale om noget Andet.

I disse sine Bestræbelser for at klargjøre sig Livets mere ideelle Fænomener i deres forskjellige Grene af Videnskab, af Kunst, Poesi, havde han heldig overstået det kritiske Punkt, hvor man drømmer sig selv Digter og Forfatter, og vundet hen til at blive et Stykke af en Tænker og en ganske flink Stilist.

I Amtmandens Hus havde han fået god Tid til at fortsætte sine Yndlingsstudier. Hvo, der havde seet ham i det første Afsnit af hans Kristianiaophold, vilde imidlertid nu fundet ham helt forandret. Han havde ret heldig uddannet vor Ungdoms Instinkt, at drage en usynlig Rustning over sin lettest angribelige Side. I den Kunst at dæmpe ethvert naturligt Udbrud af Følelse og synes uberørt, hvor han mindst var det, kunde han måle sig med den Bedste ... Farlige, altfor kunstige Pantser, der undertiden ender med at kvæle sin egen Eiermand! (s. 118 f.)

Kold er altså ein person som skil seg ut frå den store mengda, han er meir kjenslevar. Desse eigenskapane kjem og fram i det vi får vita om han i andre retrospektive glimt. Han har studert i Kristiania. Der har han slutta seg til intelligenspartiet, og har vore oppteken av tanken på "at redde det borgerlige Samfund fra Undergang" (s. 38). Men jamvel intelligenspartiet er han misnøgd med, og han dreg seg unna deira aktivitetar og. "Idet hele taget," skriv han, "tror jeg ikke at de egentlige moralske Tilstande artede sig så meget bedre end under de gamle Forhold, kun følte Nødvendigheden af at optræde med lidt mere Anstand" (s. 38). Og det er nok ein samheng mellom anstand og passivitet hos han. Sjølv er han framleies berar av eit høgt kulturideal, han har halde "Raahedens Nisse" utanfor.

Vi har jo slet ikke nået den gamle Kultur endnu, end sige dens Udartning, vi er, så at sige, hoppede over den, vi kunde trænge til Adskilligt af hvad bedst den havde at yde, lidt mere Idealitet i vor Stræben, lidt mere Styrke til at elske, og Styrke til at hade, hvad der hades bør - lidt mere Respekt for Formerne, lidt mere Agt for Kvinderne og Syn for hvad de rettelig betyde og kunde og burde være ... Har vi Noget af dette? (s. 43)

Kjærleiken er i røynda Kolds hovudinteresse, slik er det no, jamvel om han er passiv, og slik var det i Kristianiatida hans. Då han studerte, tok han til å søkja idealet for sine draumar, seier han, men han blir vonbroten,

for han har førestelt seg kvinnene "som jeg hadde seet min Moder være det. Sjælen i hele sine Omgivelser, Initiativet til alt stort og godt." (s. 42) Han trulover seg med Konstance W., men ho kan så visst ikkje tilfredsstill hans lengsler og forventningar. Denne gongen syner han aktivitet og handlar: I strid med all etikette bryt han trulovinga, for å ta vare på si sjel, for "I min Sjæls dybeste Grund havde jeg fostret disse Forventninger" (s. 42). Etter brotet med Konstance er det han dreg til amtmannsgarden for å søkja isolasjon og passivitet. Før han dreg er det han treffer Margrethe, som spelar ei så stor rolle for handlingsutviklinga i romanen. Ho er sjølv vonbroten i kjærleik og har også søkt passivitet. Mellom dei oppstår det eit "smukt Venskabsforhold", sjølv sagt utan erotikk. Ho er eit særtilfelle mellom kvinner, ho kan bera "Undtagelsens Martyrskab" i strålende isolasjon, med sin kjærleik innkapsla til privat tempelteneste. Kjærleiksidealet hennar er Ånd, Elskverdighed, Skjønhed, Gratie, forstår vi av hennar Blade. Til Kold skriv ho spesielt i desse oppteikningane at dersom han elsker "en ung Pige, der er ædel og elskverdigg", så bed ho for henne, ho må behandlast med varsemnd.

Er det en ung Pige, der er ædel og elskverdigg, o, så ber jeg for hende! ... Behandl hende varligt, krænk hende ikke. Vær ikke rå og sig: denne unge Pige elsker jeg, hun skal blive min: men sig: denne unge Pige vil jeg bringe til at elske mig, hvis ikke, må jeg forsage hende. Overfald hende ikke, så hun forvirret over dette Overfald rækker Dem Hånden uden at kunne besinde sig, hvorfor hun egentlig gjør det. Lær hende at tro på Dem; kan De ikke vinde hendes Tillid, så anse Alt for tabt. Lad hendes Følelse modnes gennem en dyb og inderlig Vurderen af hvad der er Bedst i Dem. Som Mosten vil den have Tid til at gjøre, og er den da ægte, vil den strømme over af sin egen Sødme. Agt på den da og tag den som en Gave af hendes Hånd. Tag den, som den er vunden: ydmyg, skjensom, ridderlig. (s. 115 f.)

Eg sa at vi skulle koma litt attende til korleis Margrethes Blade blir ein aktivitetsutløysar for Kold. Etter at han har lese dei, heiter det:

Margrethes Mindeblade havde rystet ham dybt. Han gjenkjendte denne anelsesfulde Imødekommen, hvormed

hun, tilsyneladende mindst beskjæftiget med ham, traf de dybeste Strengte i hans Sjel. Ingen, som hun, havde den Evne at gjætte Tankens stumme Sprog, at løse Tvivl og at yde Trøst, hvor det mindst ventedes. Dobbelt indtrængende nåede denne Røst ham, da den klang til ham fra Graven, forklaret gennem en nu forstummet Smerte.

Den øvede en øieblikkelig Virkning på hans Tanker og Følelser ligeover for Sofie. Den halv nysgjerrige Mistro, hvormed han hidtil havde betragtet hende, veg med Æt for søm Interesse og Medlidenhed. Som Margrethe stod også hun ene i sin Kreds, uden som denne at have en Livserfaring at støtte sig til. En uendelig Lyst til at nærme sig hende greb ham, men en ligeså dyb Sky holdt ham tilbage. Han kunde ikke overvinde sig til at drage hende ind i en af disse almindelige, daglige Diskurser, eller henvende noget Ord til hende i de Andres Nærværelse. At træffe hende ene vilde aldrig lykkes ham. Derved fik deres gjensidige Forhold noget Tvungent og Fremmed, som begyndte at vække Opmærksomhed. Enhver, som kjender lidt til Livet på Landet, ved, hvor fornaglet Sligt kan blive. (s. 120)

Og litt seinare får vi vita meir om korleis Margrethes Blade fungerer som katalysator i tilhøvet mellom Sofie og Kold:

Kold havde i visse Måder fundet Sofie anderledes, end han havde ventet. Det var ikke hendes Skjønhed og eiendommelige Gratie, den havde vel overrasket ham, dog denne Mulighed havde han tænkt sig. Han mærkede også godt den Snare, denne vilde drage om hans Sind; dog, da han havde i friskt Minde alle de Lidelser, en fordringsfuld, lykketørstende Sjel kan gennemgå, når den skal leve af Skjønheden alene og intet Andet, havde denne Egenskab hidtil mere holdt ham fjern. Men han opdagede en Sjel hos Sofie, en Sjel stærk nok til at møde hans. Hendes åndelige Natur havde været ham gådefuld. Han troede på noget sterkt og begavet i den, men han havde altid forenet dette med noget Ensiddigt, Eksentrisk, noget i mange Stykker Forkjært. Han havde drømt om Kampe og Modstand. Den Forståelse, der pludselig udfoldede sig imellem dem, så smuk og harmonisk, så berigende for dem Begge, overraskede og fortryllede ham. Den skulde blive det bedste Værn - det indbildte han sig idetmindste - mod en blind Forelskelse, der igjen vilde forplumre Alt. Margrethe havde anbetroet ham denne unge Piges Lykke. Hendes sidste Bøn til ham havde været for hende, den Ukjendte. Og han skulde ikke svigte Margrethes Tillid. Han var virkelig så ivrig, så opfyldt af denne nye Opgave, at han ikke kom til at dvæle meget ved Sofie selv, det vil sige, hendes Person, hendes Dragt og disse tusinde Tilfældigheder,

"Hvoraf sig Guden spinder

Til Net om Hjerterne de stærke Bånd. -"

(s. 125)

Det vi får framstelt i desse passasjane er då ein person som let si indre holdning bestemta av dei impulsar den døde, høgverdige, men sjølvvalt isolerte Margrethe gjev han. Det er som om det er for å tilfredsstilla henne at han nærmar seg Sofie. Eg les dette som eit avgjerande vitnemål om at det passive, fordrøynde, men idealt påverkelege laget til Kold er ein del av hans ideale vesen.

Litt meir om Sofie.

Passiviteten til Sofie er meir problematisk. Dels er den gjeven som vitnemål om at ho er blitt forkvakla i oppvoksten. Ho var eit naturbarn, med sans for arbeid, lek og ukomplisert samliv. Naturen er ein verdi i boka, det er skade når den kverv, også hos Sofie. At Sofie fortrengjer sine inste kjensler, blir framstelt som negativt. Her er åtak og tendens mot det undertrykkjande miljø. Men det heile er nok litt meir komplisert. Camilla Collett bruker både scener og ei rad forfattarkommentarar til å understreka kor særmerkt Sofies individualitet er, ikkje berre slik ho er som naturbarn, men og som kondisjonert ideal. Ho er den som ragar opp over mengda. I så høg grad representerer ho dette idealet at ho nesten ikkje kjem til å høyra til i den borgarlege verda.

Ligesåvist som ethvert Kunstværk fordrer sin Ramme og sin eiendommelige Belysning, enhver Edelsten sin Indfatning, ligesåvist som der gives Vine, der kun smage af grønne Glas, såvist er det, at Skjønheden, den levende Skjønhed er bunden til sine Betingelser, under hvilke den vil træde frem. Forstod man dette ret, forstod man at sonde det Tilfældige, vilde man ikke så ofte gjøre den Uret, og forstod Skjønheden selv ret at afværge det Tilfældige, vilde den oftere være skjøn. Sofie bekræftede dette, da hun sad således foran Klaveret afsondret, fri, blot hvilende i sin egen ungdommelige gratiøse Sikkerhed. En mørk Silkekjole, hævet ved en smagfuld Besætning af hvide Kniplinger, en Gave af Tanten, fremhævede ved Snit og Farve vidunderlig hendes fine, slanke Figur. De unaturlig høie Frisurer begyndte dengang netop at vige Pladsen for den græske Knude, der klæder et ungt Ansigt så vel ... Sofies rige, deilige Hår var ordnet på denne Vis; men da denne Mode endnu ikke var kjendt deroppe, gav det hende noget Fremmed mellem de

andre. I Aftenskjæret havde hendes Træk antaget en lysende Marmorbleghed, men nærmede man sig, så opdagede man, at hun ikke manglede en sund, ungdommelig Farve. (s. 50)

Lenger ute ein stad heiter det om Sofie at "hendes Skjønhed var ikke af den Slags, der bør bedømmes af Mængden". (s. 73) I forhold til henne er jamvel eit kondisjonert augnekast noko som kan sulka og vanhelga. Eg skal ta med eit sitat som syner at ho så visst slett ikkje berre blir hylla som natur, men som kultivert, foredla natur -

Sofie havde hin Gratie, der ligesom gjenfødes og frigjøres ved Kulturen, det vil sige, hvor den ydre Dannelse har stået i en heldig Samklang med den indre. Denne lykkelige Harmoni opnåes sjelden af vore unge Piger; derfor henfalder de, idet de træder ud over den ubevidste Barndoms Grændser, så let til Stivhed og Affektation. Thi det, vi kalder Affektation, består vel tilsidst kun i en Stræben, en Famlen efter en Form for det indre opvågnende Menneske, medens man smerteligt føler det Mislykkede. De rigest Begavede er ligefuldt som Andre, ja ofte endnu mere, udsatte for Affektation. Sofie undgik måske kun dette Skjær derved, at hun så tidlig blev hensat i kultiverede Omgivelser. I denne Henseende havde de Par År, hun opholdt sig i Tantens Hus, havt en overordentlig Virkning. (s. 142 f.)

Utan å prova det nærare, vil eg då påstå at fortelljaren har ein tvetydig holdning til Sofies passivitet. På den eine sida er nok den ein funksjon av undertrykking, på den andre sida er den noko rosverdig som er ein funksjon av Sofies vesen, hennar ånd, ynde, gratie. Det spørst om ikkje den draumen Sofie drøymar for dokka si, Louise, djupast sett uttrykkjer noko av det Camilla Collett hemmeleg ønskjer for ei edel kvinne av Sofies art:

(...) jeg drømte de skjønneste Fremtidsdrømme med hende. Dukken havde sin Bopæl inde i en dyb Niche i Grotten. Her sad den som en liden fortryllet Prindsesse, skjult for Verden, og ventede på den Dag, da Lykken skulde komme og hente den. (s. 87)

Oppsummering på nytt.

Skal eg så repetera og understreka nokre av dei momenta eg har nemnt til no, blir det på nytt å påstå at handlingsutviklinga frå ei side sett er ein funksjon av at hovudpersonane er passive og ikkje eigenleg frie handlande subjekt. Bipersonar får dei til å handla. Nokre av desse bipersonane representerer ei farleg, demonisk makt frå ytterkantane i det samfunnet hovudpersonane lever i. Hovudpersonane sine verneinstinkt driv dei til handling, men den handlinga er ikkje fri.

Men den passiviteten dei er utstyrt med, er ein del av verdien ved personane. Utan den ville dei ikkje ha vore dei særprega høgverdige individualitetar som gjensidig tiltrekkjer kvarandre. Årsaka til at det går som det går, ligg altså ikkje først og fremst i det fru Ramm representerer, men i krefter som forteljaren djupast sett dyrkar. Dette er ein av dei viktige indre motsetnader i romanen, og den får verknad for vår forståing av tendensen. Camilla Collett hevdar nok retten for den kvinnelege kjensle, men først og fremst for det kjensleliv som finst hos den særprega individualitet. Camilla Collett har nok sjølv ant at her var eit problem, og i eit brev til J. L. Heiberg, der ho forsvarar seg mot hans kritikk av manuskriptet hennar, skriv ho:

Det er især mod den Anke at Bokens Tendents let bliver uanvendelig for Livet, med andre Ord "upraktisk", jeg vil forsøge at forsvare mig. De har fuldkommen Ret i at den ideale Kjærligheds Idee kun realiseres i meget faae udsøgte Naturer. Sjeldnere end man troer, findes Evnen til en Lidenskab i Ordets sande, dybe Betydning. Det er en saadan cactus grandiflorus der kanske hvert hundrede Aar springer ud. At denne ogsaa skal dele den almindelige Skjæbne, ikke at agtes paa, at nedtrædes og forgaae, anser jeg ogsaa for et af disse Mord i Menneskeheden der skrigger op til Guds Throne. Det er ikke dens Forsvar alene jeg har villet føre. Jeg vil at al den Formue til at elske, som findes selv i mindre begavede, mindre oph Naturer, skal finde sin Anvendelse 1) og ikke spildes.

1) Sitert etter Ellisiv Steen: Diktning og virkelighet. En studie i Camilla Colletts forfatterskap. Oslo 1947, s. 247 f.

Ho er altså her inne på den tanken at også dei andre bør få sin rett, men på mange måtar dementerer boka det. Sofie blir nemleg lett så dominerande at alle dei andre bleiknar og blir verdlause som menneske. Bortsett frå systra Louise og Margrethe D. er nemleg alle kvinner i boka anten tyrannar eller tøvete mehe. - For å sjå dette klårare, skal vi vende oss til andre sider ved komposisjonen i verket.

Camilla Collett og Amalie.

Alle som har lese boka, veit at her er ikkje berre ei historie, men fleire som flettar seg inn i kvarandre. Det er t.d. forteljinga om prosten Rein og vitjinga på garden hans, det er forteljinga om Louise, men den sentrale av bi-historiene, om vi kan bruka det uttrykket, er forteljinga om den nest yngste amtmansdottera Amalie og hennar kjære, kapellan Brøcher. Det vev seg gjennom heile boka som ei sjølvstendig forteljing som kastar interessant kontrapunktisk lys over hovudforteljinga. Amalie og Brøcher er dei to som gifter seg av inklinasjon, fordi dei ønskjer det. Men ingen forhold i romanen er slåk utlevert til spott og spe. Det er som om Camilla Collett rett nyt å fortelja om den høgstemte, kvasiromantiske, gjerne uekte Amalie som dyrkar eksklamasjonar og besviming, og om den lite vakre tørrpinnen Brøcher. Det tek til når Sofie kjem heim. I eit selskap ser vi Brøcher, han er med ein gong utlevert:

Capellan Brøcher havde en høi, mager, spinkel Figur, som han bar meget rank; et langt, desto smalere Ansigt, et skarpt Fugleprofil, store lyseblaa blond-indfattede Øine og et noget fremstående Underansigt. Et Par dygtige Bakkenbarter vilde nogenledes have oprettet Ligevægten i dette Ansigt; men Naturen havde negtet Capellanen denne Prydelse. Han lod heller ikke til at finde sit Ansigt for langt; idetmindste bestræbte han sig for endnu at forøge dets Længde ved at tvinge sit tynde, høragtige Hår op i en Hanekam. Hans Ansigtsfarve var af denne rødlig ubestemmelige Art, der er ligesaa langt fra Sundhedens Purpur som fra den varme, brunlige Farve, der antyder en kraftig, kolerisk Sjæl.

Efter denne Skildring vil man nok kunne slutte, at Brøcher ikke var nogen smuk Mand. Det var han heller ikke. Men han havde en Egenskab, der fuldkommen

erstattet ham hans Mangel på personlig Skjønhed. I de dannede Familier paa Landet flyver Sønerne tidlig ud af Reden for at søge deres Lykke andetsteds i Verden; Døtrene derimod flyve ikke ud, de blive tilbage i Reden for at vente på, at Lykken skal op-søge dem. I en sådan afsides, men familie- og æstherig Egn repræsenterede Capellanen Lykken. Han var virkelig sågodtsom det eneste tænkelige Parti i den hele Omegn. (s. 53)

Seinare nyttar Camilla Collett alle høve til å utlevera desse to, både enkeltvis og som par. Sitt høgdepunkt når det i ein grovt satirisk episode, der kapellanen sit i komiteemøte om ny rodefordeling, medan Amalie ventar heime, i sut og angst, utan at han kjem, og alt blir berre latterleg. Eg siterer litt frå denne episoden:

Det var nemlig den Dag Brøchers Fødselsdag. Alt i længere Tid havde Amalie beredt sig til at feire den på en Måde, der svarede til dens Vigtighed. Hun havde indstuderet en ny Sang til Guitaren, en tysk Sang, der begyndte med et "in dieser heil'gen Runde", og som i Grunden var en Frimurersang, men ligesom alle Frimurersange så dunkel, at den kunde passe for alle mulige Ting. I lang Tid havde hun været beskjeftiget med at udføre en Tegning i Vandfarve, der forestillede det ovenomtalte Galterud, der skulde blive deres jordiske Paradis. Familie og Bekjendte fandt det meget vellykket, og når man undtager, at den oprindelige skidne Træfarve på Huset var ombyttet med en strålende gul, og at dette var omkranset med en Rigdom af smaragdgrønne Træer, var den også meget tro og nøiagtig. En Spotter, der endelig vilde finde Noget at udsætte derpå, vilde måske småligen kunne udregne, at det lykkelige Par, der sad under en Hængebirk ved Døren, vilde, når det reiste sig, rage op over Skorstenen, men denne lille Feil i Tekniken skadede aldeles ikke Effekten af det hele. Med dette Stykke og flere andre Presenter skulde Brøcher have været overrasket, når han efter Løfte var kommen for at tilbringe hele Dagen med dem. Om Formiddagen skulde Familien have gjort en deilig Tur. Kapellanens Yndlingsretter, Grønkål med Kjødboller og Marvbudding som Dessert, hvortil Amtmanden vilde føie en Flaske Cham-pagne, ventede ham til Middag. (s. 201 f.)

Nå kan ein nok seia at Amalie og Brøcher representerer kor grått eit forhold kunne bli slik det var den gongen. Men det avgjerande er den holdning forteljaren har til desse personane, den er ikkje tvetydig. Amalie har ein annan natur enn Sofie. Ho har ikkje det djupe, edle kjensleliv, ho har berre lånt indre nips. Etter tendensen i romanen

skulle ein kanskje tru at forfattaren prøvde å forstå også Amalie, godta henne ut frå hennar føresetnader. Men her er det berre utlevering. Når no denne bihistoria kjem fram innimellom den kløkkjande forteljinga om dei to utvalde og innimellom dei høgborne karakteristikkane av dei, seier nok det ein del om Camilla Colletts menneskesyn og kvinnesyn. Ho har ingen sans for det som ikkje er edelt og for den som ikkje har ein djup natur. I nokon mon kjem denne biforteljinga og holdninga i den til å undergrava tendensen i romanen som allmenn tendens, men ho understrekar tendensen dersom vi oppfattar den som krav om særrett for den framifrå individualitet og den verkelege kjensle på djupe botnar.

Den tvetydige tendens - og ideologien.

